



Byggmester Arne Brandsdal
Lonaleitet 2
5267 ESPELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4329 - 14/19475

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
09.12.2014

GBNR 27/255 - Tilbakemelding etter førehandskonferanse

Det vert vist til førehandskonferanse i dag 9.12.2014.

Administrasjonen viser til framviste teikningar av planlagd bygg og skildring av den verksemd tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for. Kort oppsummert har administrasjonen oppfatta at tiltakshavar ønskjer å byggje eit estetisk fullverdig bygg, som stettar krava i reguleringsplanen for industriområdet i høve til storleik og utforming. Bygget skal nyttast som base for tiltakshavar si verksemd som byggmester, samt mogleg utleige av lokalar til tilsvarande eller samanliknbare verksemder. I tillegg ønskjer tiltakshavar å leggje til rette for eit pizzabakeri; med hovudvekt på produksjon, utkjøring og henting av pizza (take away). Administrasjonen oppfattar at det ikkje er tale om ordinær restaurantdrift, men i hovudsak produksjon og utkjøring.

I reguleringsføresegnene §§ 11 og 12 er det uttalt at industriområdet skal «nyttast til handverks- eller småindustriverksemd, og anlegg som knyt seg til denne». Og vidare at verksemda ikkje må «verka sjenerande på kringliggjande bustadfelt, kva angår støy, støv, lukt eller anna forureining».

På bakgrunn av informasjonen frå tiltakshavar, vurderer administrasjonen at planlagd bygg og verksemd er i samsvar med reguleringsføremålet industri, slik dette er nærare skildra i planføresegna. Søknad om oppføring av bygg til dette føremålet vil ikkje krevje dispensasjon frå planføreområdet. Slik drifta er skildra vil planlagd verksemd ikkje vere til sjenanse for omkringliggjande bustadfelt, ut over det som er pårekeleg i industriområdet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arnavågen Eiendom AS

Tunesvegen 312

5264

GARNES

Mottakere:

Byggmester Arne Brandsdal

Lonaleitet 2

5267

ESPELAND